

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: *Hordaland*

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: *Meland*Emne: *Drukk til maten til kvar dags*

Bygdelag:

Oppskr. av: *Elias Mjåtveit*Gard: *Mjåtveit*(adresse): *Frekhaug om Bergen*

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Etter eigi røynsle.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

*E. M. er fødd den 2dre april 1844.*

## SVAR

Mjölke

1. Den eldste måten å ställa mjölke på, var å sila nymjölke mjölke i kollar av tre. Desse vart so sette opp i hjellar-skåphjellar dei kalla. Der stulde dei stå i 3 døger. Då vart mjelke høveleg tjukk med rjome på (Rjome er tjukk sur fløyte). Rjomen vart fylt i eit "rjomebøtte" til so mykje var samla, at det måtte lagast til smør. Dette arbeidet vart kalla å kjinna.

Litegran nysilt og skumma mjölke kunde også nyttast i hushaldet. Småe born måtte ha nysilt mjelke. Til eit festmål kunde ein også nytta söt mjölke til mjölkesupa (t. d. sundag).

Surmjölke vart den tid seld på torget i Bergen av bönderne sjölve.

Etter at her kom meieri, vart all mjölke, som ein ikkje brukar sjölve send fersk til meieriet.

2 Fersk mjölke hev ikkje vore nytta til drukk. Møsa av surmjölke vart blanda i

2

i vatn til drykk i den varme sümartid.

Latteat-det vart komlegare for bonden lorde han seg til á brúka meir i húshaldet.

2 Mjólk som leskedrikk mettar for mykj. Vatn med litt sur mjólkiblanda hev vore brúgt. Mindre no.

3 Saup vart nytta til drykk. Íkja no.

4 Heimebryggja öl hev ikkje vore vanleg folkedrykk. Ein og annan riking hev stundom bryggja til slatten elder jol.

5 Kaffi kom íbrúkt í mine foreldre si tid, men var ukjend í deira barn-dom. Skvardskaffi vart laga av korn. Maltkaffe var si tid í handlen. Skote kaffi kom íbrúkt í allslags gilde.

6 Dei vaksne drakte kaffi, då eg var ung, men borni fekk sur mjólk.

7 No drikk ein kaffi 2 gonger om dagen frúkost og non -

8. Grovmalen kaffi slar ein opp í kokande vatn - til kvards. Trekt kaffi med fløyte vert rekna for betre. Íkja salt í kaffien. Ein beyr seg ikkje med á klára kaffien. Spá í gaffigrugg er ikkje mode!

9 Sjúker vert brúkt í kaffien: raffinade elder löst súsker. Fløyte elder mjólk ogso.

10.

10 Vispe egg i kaffien er berre sjeldan brukt. 3

Te

11 Det er meir sjeldan, at folk drikk te til kvar dags. Te av karve er kjend.

12 Brennevin.

Jeg veit ikkje nokon som brukar brennevin til kvar dags.

13 Det vert ikkje brukt nyare drykk, som er nemnd i spørjelista.

Men i sūmarvarmen lagar folk seg drykk av bersaft og sukker.

5332

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING